

Radio Sotra - Postboks 128 - 5341 Straume

Til Medietilsynet

Innspel til FM-utgreiing

Radio Sotra er allmenradio for kommunane Fjell, Sund og Øygarden i Hordaland fylke. Vi blei etablert i 1984. Pr i dag har vi ein løna redaktør + nokre på deltid + omlag 50 frivillige medarbeidere. Mange av desse har vore med heilt sidan starten for 35 år sidan. I løpet av alle desse åra har vi hatt på 100-vis av frivillige medarbeidarar.

Vi sender på FM + internetradio. Vi har tre frekvensar, og dermed tre sendarar / antennessystem som vi eig og driftar sjølv.

Vår klare oppmoding er at lokalradioar som oss må få lov til å halde fram på FM-bandet også etter 2021, helst i 10 nye år. Dersom vi må ut av FM ved utgangen av 2021 så er faren svært stor for at Radio Sotra må leggje ned.

Vi er ikkje i nærleiken til å ha økonomi til å byggje ut og drifte DAB i vårt konsesjonsområde dei næraste åra. Samstundes som vi altså fullt operative FM-sendarar/antenner som vi eig sjølv.


Radio Sotra er beredskapsradio og skal samarbeide med NRK ved større hendingar. Dermed vil NRK i beredskapssituasjonar også nå dei som kun har FM radioar i vårt område. Dei er dei framleis mange av, særskilt dei som er «godt vaksne»

Radio Sotra har i alle desse åra gjort ein viktig jobb for lokaldemokratiet, og det vil vi svært gjerne halde fram med. Vi har heilt sidan 1990 direktesendt alle kommunestyremøta i våre tre kommunar. Og kvar helg har vi ordførarpraten der vi intervjuar ordførarane om smått og stort i vår region. Vi har hatt omlag 750 direktesendte kommunestyremøte, og langt over 3000 sendingar med ordførarpraten.

Vår region har svært store utfordringar på trafikkfronten til/frå Bergen med lange køar. Desse problema vil vedvare og truleg auke heilt fram til eit nytt fastlandssamband står ferdig ca 2025. Radio Sotra har daglege trafikkendingar både morgon og ettermiddag der vi føler trafikken tett, eit tilbod vi veit er til store nytte for dei som ferdas ute i trafikken.

På vegne av svært mange innbyggjarar i Fjell, Sund og Øygarden kommune + alle ildsjelene som har medverka til at Radio Sotra har vore på lufta i 35 år så ber vi på det sterkaste at lokalradioen må få lov til å halde fram på FM nettet.

Straume, den 19. mars 2019



Helsing Rolf Øvretveit, redaktør